

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	FE - 614	16/1061

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
014/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

### Søknad frå GMU om bruk av kontor i kontorbygget på Matre

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Søknad om bruk av kontor på Matre

##### Dato

21.12.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune leiger vederlagsfritt ut eit kontor til GMU i perioden 15. februar 2017 og ut 2017.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Gulen & Masfjorden Utvikling (GMU) har i brev til Masfjorden kommune den 21.12.2016 skrive følgjande:

*«Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) har i sin nye handlingsplan for 2017 lagt inn eit større fokus på næringsaksen Matre-Oppedal. Målet med arbeidet er å medverka til auka næringsverksemd i søraustlege delar av regionen. Ein ønskjer å få til dette gjennom møte med næringslivet der ein søker å verta kjende med deira planar, behov, utfordringar og mulegheiter. Tilbakemeldingane skal vidare kartleggjast, og informasjonen og resultata ein finn skal brukast til tilrettelegging og igangsetjing av tiltak som kan medverka til å betra dette. Gulen og Masfjorden Næringshage (Næringshagen) har også prosjekt med utgangspunkt på Matre. Det er tildelt midlar frå fiskefondet til å utgreia behovet for satsing på havbruk i tett samarbeid med Havforskningsinstituttet si avdeling på Matre. For å styrkja og forenkla arbeidet, ønskjer GMU og Næringshagen å vera fysisk til stades på Matre. Dette vert vurdert som hensiktsmessig i høve å vera synleg og tilgjengeleg for næringslivet, og kan medverka til å rekruttera fleire leigetakarar til bygget. Selskapa er kjende med at Masfjorden kommune no har overteke næringsbygget på Matre og er i gong med å leggja planar for utnytting av bygget. Det vert difor med dette søkt om at GMU og Næringshagen får*

*høve til å vederlagsfritt disponera eitt kontor der. Begge selskapa ser føre seg å vera på Matre éin dag i veka, i første omgang i 2017.*

*Det er tildelt midlar til prosjekt frå Gulen kommune til utviklingstiltak i området Brekke-Oppedal. GMU vil seinare søkja Masfjorden kommune om tilsvarande støtte til utvikling Matre-Haugsvær.»*

## **Vurdering**

Rådmannen vil visa til at det lenge har vore ønskjeleg at Gulen og Masfjorden Næringshage og GMU vert meir engasjert i næringsarbeidet i Masfjorden kommune. Dersom ein kan oppnå dette ved mellom anna å stilla eitt kontor til disposisjon i 2017 vil dette vera fornuftig bruk av kommunen sine ressursar. Ein rår difor til at formannskapet gjer vedtak slik GMU ønskjer i sitt brev, og at kommunen stiller vederlagsfritt med eit kontor i kontorbygget på Matre frå 15.02.2017 og ut året.

Ein rår til at GMU vert avtalepart også på vegne av Næringshagen.

## **Formannskapet - 014/2017**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune leiger vederlagsfritt ut eit kontor til GMU i perioden 15. februar 2017 og ut 2017.